



Ottar Reed Bugge  
Flaktveitvegen 376  
5134 FLAKTVEIT

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4977 - 14/21708

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.09.2014

## Søknad om utsleppsløyve for gbnr 195/75 - trong for tilleggsdokumentasjon.

Lindås kommune viser til søknad om utsleppsløyve for gbnr 195/75 mottatt 27.05.2014. Kommunen beklagar sterkt at du får sein tilbakemelding i saka.

Vi har no gått gjennom saka og ser at søknaden må supplerast før vidare handsaming. Vi har følgjande merknader:

Tiltaket ligg i uregulert område som i kommuneplanen er avsett til byggjeområde for bustadar. I samsvar med punkt 1.1 i bestemmelsane til kommuneplanen skal arealet inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2 kan godkjennast. Tiltaket kjem ikkje inn under unntaksbestemmelsen i punkt 2.14 og krev følgjeleg dispensasjon frå plankravet.

Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Eksisterande utsleppsleidning er godkjend for 3 bustadar. Omsøkte utslepp representerer ei auke i utsleppsmengda tilsvarande 6 pe. Det bør oppgjevast kor stort utslepp eksisterande anlegg representerer og dokumenterast at utsleppsleidningen har tilstrekkeleg kapasitet.

Partar og andre som kan bli berørt skal varslast. I tillegg til at naboar som grensar til omsøkte eigedom vert varsla bør også naboeigedomar ved utsleppsstaden varslast. Det vert vurdert at ytterlegare varsling til naboar som har gjeve erklæring ikkje er naudsynt. Naboliste følgjer vedlagt.

Plassering av slamavskiljaren må gå fram av situasjonsplanen.

Det må gjerast greie for interesser i området som kan verta berørt av omsøkte utslepp, jf. søknaden punkt 7e. Dette kan vera brønnar i området eller badeplass ved utsleppsstad.

Vi gjer merksam på at det ved godkjenning av auka utslepp kan verta sett nye vilkår for utsleppsleidningen, t.d. større utsleppsdjupne. Tiltaket er elles søknadspliktig etter pbl § 20-1. Søknad om løyve må sendast inn



av føretak som kan godkjennast for ansvarsrett. Arbeidet kan ikkje ta til før naudsynt løyve til tiltak etter pbl § 20-1 ligg føre.

Vi ber om at supplerande dokumentasjon vert innsend innan 1. desember. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen vert saka akivert utan handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

195-75 - naboliste